



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		31178/2014/K21	Guri Bugge, 71 25 88 29	09.05.2014

Høyringsvar nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbilar

Møre og Romsdal fylkeskommune syner til brev frå Samferdsledepartementet 14.04.2014, der vi er bedne om å gi innspel til ein nasjonal strategi og finansieringsplan for utbygging av infrastruktur for ladbare bilar.


Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider for å legge til rette for elbilar i fylket. Grunnlaget for dette arbeidet ligg i målet for Regional energi- og klimaplan, om å redusere klimagassutsleppa frå samferdslesektoren med 10 % innan 2020. For å nå desse måla er det er nødvendig med samarbeid både med private aktørar, og mellom offentlege aktørar på ulike forvaltingsnivå.

Sjølv om talet på elbilar veks, er det diverre enno ikkje bedriftsøkonomisk lønsamt å selje ladestraum. For å få på plass den grunnleggande infrastrukturen i heile landet er ein difor førebels avhengig av offentlege tilskot. I 2012 gav fylkeskommunen tilskot til fire hurtiglادestasjonar. Tre av desse vart fullfinansiert i januar 2013 takka vere tilskot mellom anna frå Transnova, medan stasjonen på Nordmøre måtte endre lokalisering til Valsøytunet på grunn av at nettkapasiteten var for liten i Tingvoll. Denne omrokkinga skapte så stor avstand mellom ladepunkta i Romsdal og Nordmøre at fylkesrådmannen avgjorde å også tildele midlar til ein femte ladestasjon, i Kristiansund. Desse to lukkast i å få tilskot frå Transnova. Til no er hurtiglادarane i Møre og Romsdal blitt bygd av Grønn Kontakt AS, og fleire av energiselskapa i fylket er medeigarar i dette selskapet.

Transnova bad også om høyringsinnspel før dei begynte å utarbeide strategien. Møre og Romsdal fylkeskommune sendte sitt svar på denne høyringa i mars 2013. Ein viktig del av høyringsinnspelet då, var at det måtte vere opp til dei lokale kreftene å finne dei beste plasseringane av ladestasjonane. Dette ser det ut til at Transnova har teke omsyn til. I tabellane på side XI og 46 er det vist kva for vegar og byområde som skal vere prioriterte, og omtrent kor mange ladestasjonar det der vil vere behov for. Men den endelege plasseringa er opp til utbyggjarane. Dette ser Møre og Romsdal fylkeskommune som svært positivt.

Fylkestinget vedtok i juni 2012 at maksimal avstand mellom hurtiglادepunkt for elbilar skal vere 100 km langs fylkesvegnettet seinast ved utgangen av 2016. Miljøutvalet vedtok 30. januar 2013 ein hurtiglادestrategi som viser korleis dette målet kan nås med 13-14 hurtiglادestasjonar. Ved inngangen av 2014 sto desse åtte områda igjen;

- Rauma
- Stranda eller Norddal
- Sunndal
- Surnadal eller Rindal
- Nasset
- Ulstein, Hareid, Sande eller Herøy
- Haram, Midsund, Sandøy eller Aukra
- Smøla



For å kunne gjennomføre denne utbygginga på ein effektiv måte er det nødvendig med offentlig støtte. I høyringsutkastet har Transnova sett opp tre hovudprioritetar: Byområde, ladekorridorar og bildelingsprogram (s. IX). Fire av lokalitetane på prioriteringslista til Møre og Romsdal fylkeskommune ligg så nær byområde at dei kan få støtte frå den største potten. Dette gjeld alle øykommunane og Nesset. Rauma er prioritert som ein viktig transportkorridor. Sunndal var ved ein feil utegløymt frå lista over transportkorridorar (sjå vedlagte e-post frå Transnova). Møre og Romsdal fylkeskommune går ut frå at denne feilen blir retta i den endelege strategien.

Det er to område i fylket som ser ut til å falle utanfor Transnova sine satsingsområde: Surnadal/Rindal og Stranda/Norddal. Dette ser Møre og Romsdal fylkeskommune som svært uheldig, då offentlege tilskot er i høgste grad utløysande for hurtigladarar i distrikta skal kome på plass. Eit grunnleggjande og heilskapleg nettverk for elbilar i ein føresetnad for at folk i distrikts-Noreg skal ha like god tilgang på miljøvennlege kjøretøy som dei som bor i sentrale strøk. Møre og Romsdal fylkeskommune rår difor til følgjande endringar i strategien:

1. Ut frå realistiske rekkevidder for moderne elbilar, og storleiken på bu- og arbeidsmarknadsregionane, bør prioriteten "Byområde" utvidast til 10 mil rundt bysentrum.
2. For å sikre god tilgang til dei viktige transportkorridorane, bør det også gis tilskot til hurtigladarar i eit omland på 10 mil rundt desse.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Guri Bugge
rådgivar